

Tilskotsordning til læring og undersøking av vassdrag, fjord og kyst i Nordfjord vassområde 2023.



Lag, organisasjonar, barnehagar, skular og studentar kan søke.

Føremålet med tilskotsordninga:

Opparbeide og dele kunnskap i lokalmiljøet om vassmiljøet i naturen. Overordna målsetting er å nå miljømåla for vassførekomstar, jamfør Regional vassforvaltningsplan for Vestland, med tiltaksprogram¹. Tilskotet skal nyttast i Nordfjord vassområde² innan 30. juni 2024.

Kven kan søke?

Lag, organisasjonar, barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular, folkehøgskular og studentar.

¹ Regional vassforvaltningsplan:

[Planperioden 2022- 2027 : planprogram, hovudutfordringar, regional vassforvaltningsplan, tiltaksprogram og høyringsinnspel - Vannportalen](#)

² Nordfjord vassområde er definert på vannportalen:

[Nordfjord vassområde - Vannportalen](#)

Kva for kostnader kan ein søke om tilskot til?

Kjøp og leige av tenester og utstyr; eigen arbeidsinnsats (ikkje eigen løn til studentoppgåver).

Eksempel på prosjekt ein kan søke om tilskot til:

- Miljøundersøking av vassdrag, fjord og kyst innanfor Nordfjord vassområde, for eksempel vassprøver, habitat, planter og dyr.
- Utreiing av tiltak for å betre miljøtilstanden.
- Innkjøp av håv, vasskikkert, bøker m.m. og busstransport til ekskursjon (skular og barnehagar).
- Utgifter ved feltarbeid (ikkje løn) knytt til master-, bacheloroppgåve eller liknande (studentar).

Om søknaden:

Søknadsfrist: 30. april 2023.

Søknader mottatt etter fristen får lågare prioritet, men vil bli vurdert dersom det er pengar att på ordninga.

Søknaden sendast til: post@vlfk.no.

Skriv i emnefeltet: «**Sak 2023/41445 - Søknad om tilskot frå Nordfjord vassområde**».

Spørsmål kan du rette til staffan.henrik.hjohlman@vlfk.no Tlf. 90 40 26 61

Total ramme for tilskot: 200 000 kr.

Søknaden må innehalde:

- Søkarens/organisasjonens namn og kontaktinformasjon.
- Organisasjonsnummer (gjeld ikkje studentar).
- Namn på prosjektet ein søker om tilskot til.
- Omtale av kva midlane skal brukast til, og stad for gjennomføring. Prosjektbeskrivelse skal leggst ved.
- Omsøkt beløp, budsjett og tidsplan for gjennomføring. Oppgi timesats dersom du søker om tilskot for å dekke eigen arbeidstid.
- Namn og kvalifikasjonar på person(ar)/selskap som skal gjennomføre prosjektet. Kontonummer som tilskotet skal betalast til, dersom det blir innvilga.

Eventuelle tilleggsopplysningar i søknaden, som kan bli vektlagt ved tildelinga:

- Opplys om prosjektet er knytt til spesielle vassførekomst(ar) og menneskeskapte påverknader, jamfør <https://vann-nett.no>.
- Eventuell anna finansiering (spleiselag).
- Eventuell eigeninnsats som det ikkje vert søkt om tilskot til - utgift og/eller arbeids-/dugnadsinnsats (oppgi tal timar og timesats).
- Omtale av kor viktig tilskotet er for å gjennomføre prosjektet (eige økonomisk handlingsrom kan for eksempel dokumenterast ved årsrekneskap eller liknande).
- Dersom ikkje heile søknadssummen blir innvilga – er det ei nedre beløpsgrense for å kunne gjennomføre deler av prosjektet?

Behandling av søknader

Utfyllande opplysningar kan bli etterspurt, om det er nødvendig for å handsame søknaden.

Sjølv godt kvalifiserte søknadar kan bli heilt eller delvis avslått grunna manglande budsjettmidlar.

Innvilga tilskot vert utbetalt etter at prosjektet er gjennomført.

Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jamfør Offentleglova.

Personopplysningar blir ikkje offentleggjort. Er det noko meir i søknaden eller vedlegg du ikkje ønsker offentleggjort, må du opplyse om det i søknaden. Fylkeskommunen vil avgjere om det er grunnlag for å imøtekomme ditt ønske.